

Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 22.05.2013

Dei eldste sjuke treng sterke talspersonar

Sjukepleieforbundet har den seinaste tida peika på at dei eldste eldre på sjukeheim og heimebuande eldre som treng sjukeheimplass, blir nedprioriterte som ei følgje av samhandlingsreforma.

Kommunane har fått auka krav til å ta imot ferdigbehandla pasientar utan at det er bygd nok sjukeheimplassar. Det blir teke i bruk to- og treroms og andre kriseløysingar. Heimesjukepleie og heimehjelp har kome under auka press mange stader utan auka bemanning.

Kvar er dei eldste eldre sjuke sine talspersonar i lokalsamfunna?

I kommunestyra er det svært få representantar over seksti år. Fylkeseldrerådet gjennomførte i førre valperiode ei undersøking vedrørande alderssamansetninga i kommunestyra i fylket. Det kom fram at dei fleste kommunestyra hadde få representantar over seksti år. Truleg er ikkje stoda så annleis i inneverande periode.

Mange kommunar har i dag ein svært stram økonomi. Budsjettarbeidet for neste år er snart i gang. Mange grupper har sterke organisasjonar og talspersonar som kan påverke prioriteringsprosessane. Dei eldste sjuke eldre er ei sårbar gruppe som står i fare for ytterlegare nedprioriteringar.

Eldreråda i kommunane må takast på alvor når dei tek opp dei aller svakaste eldre sine vilkår i kommunane.

Fylkeseldrerådet gjennomførte i førre valperiode også ei undersøking som galdt eldreråda sine arbeidsvilkår og grad av aktivitet. Resultatet viste stor variasjon frå kommune til kommune.

For at fleire eldreråd skal kunne ha ei viktig rolle i kommunen, må kunnskap og oppgåver tilførast. Det er særskilt viktig at eldreråda blir kjent med konsekvensane av samhandlingsreforma i sin kommune for dei eldste eldre på institusjon og heimebuande.

At eldreråda samarbeider med frivilligorganisasjonar som pensjonistforbundet og andre, er viktig for å få mest mogleg påverkningskraft. Vi har heldigvis eldreråd i fylket vårt som har mot og initiativ til å tale dei svakaste eldre si sak. Stå på!